

Årsmelding 2016

Strilongane

Strilongane er eit barnekor i Rosslund skulekrins, og hadde i 2016, 41 medlemmer i alderen 4-12 år. Vi har no medlemmer frå ulike delar av kommunen.

Styret i Strilongane har vore samansett slik: Inger Bratshaug - dirigent
Ottar Mæstad - pianist
Marianne Bratshaug - kasserar
Marianne Sjo Rosslund – leiar

Måndag 11.januar – fyrste øvingsdag, oppstart i allrommet på Rosslund skule.

Laurdag 16.april Jubileumskonsert. Barnekoret feirar i år 20 år og vi ville markere dette med eigen jubileumskonsert denne våren. Vi leigde Festsalen på Folkehøgskulen og hadde seminar med middag for borna før konserten tok til kl 16.00. Det var ekstra kjekt at «gamle Strilongar» var med på eit innslag på konserten.

Måndag 9.mai siste vanlig øvingsdag denne våren.

17.mai song koret song, tradisjon tru, på Rosslund skule.

Oppstart måndag 5.september.

Det kom fleire nye medlemmar og det er kjempeflott då nokre av dei eldste har slutta.

Søndag 23.september song koret på «Gledesprededugnad» på Meland **Sjukeheim** på i regi av Samarbeidsgruppa ved sjukeheimen.

Søndag 30.oktober deltok ein del av borna på Barnekorfest med Bjarte Leithaug og Team Sulebakk. Dette var ein del av jubileumsprogrammet til kyrkja som markerte 150 år.

Måndag 5.desember hadde borna ein liten førjulskonsert for foreldre og besteforeldre på scenen i gymsalen på skulen. Det var stort frammøte. Foreldra hadde med kaffi, kaker. Med koseleg prat og samvær vart dette hausthalvåret avslutta med at julenissen kom.

Laurdag 24.desember song koret i kyrkja på julegudstenesta kl 14.30.

Styret har hatt 3 styremøte fordelt utover året.

Marianne Sjo Rosslund
-leiar -

